

Sogndal kommune
Plan og Næring

Naboar

Vedlegg til søknad om løyve til oppføring av lagerhall på gbnr.105/1, Kaupanger.

Søker med dette om løyve til oppføring av lagerhall på ovannemnde eigedom på Kaupanger. Havnen Anlegg AS leiger eit område hjå Nils Joachim Knagenhjelm som dei i dag nyttar som lagerområde for maskiner og utstyr som vert nytta i deira verksemd. Noko det har vore nytta til i over 30 år.

Havnen Anlegg AS har omfattande brøytekontraktar og har eit stort behov for ein hall der dei kan parkere maskiner og utstyr under tak for å halde den beredskapen dei vert pålagde.

Syner til grunnen for at det her ikkje vert laga avfallsplan. Dette bygget er ein ferdigprodusert lagerhall så her vert det ikkje mykje bygningsavfall i det heile. Det vert støypt plate på mark, resten vert montering av ferdige deler.

Dispensasjon:

Det vert søkt dispensasjon for 2 høve.

1. dispensasjon for avstand til veg.

Den planlagde bygningen vert plassert som situasjonsplan syner 3 meter frå kommunal veg, dette vert naudsynt fordi ein skal kunne køyra rundt bygget.

Jf.pbl. §29-4 er omsynet bak avstandskravet å sikre god nok avstand til andre bygningar og vegar når det gjeld brannspreiing og siktsoner. I dette tilfellet vert ingen av desse føresetnadene brotne fordi bygget er plassert på ei rett strekning og ikkje i nærheit til andre bygg.

Dette er ein veg som vert nytta som tilkomst til eit avgrensa antal eigedommar i området og det er såleis svært lite trafikk her. Det er tilstrekkeleg avstand for snørydding og vedlikehald av vegen.

2. dispensasjon for å byggja i LNRF-område.

Det vert søkt om dispensasjon for å byggja i område avsett til landbruksføremål.

Dette området har vore nytta til deira næring som maskinenterpenør i meir enn 30 år. Det står fleire ulike bygningar og containere for lagring der i dag. Denne søknaden endrar ikkje den faktiske bruken av området, så me kan ikkje sjå at omsynet bak føresegnene i lova vert sett til sides.

Konklusjonen vår her vert at omsynet bak føresegnene ikkje vert sett til sides, og at det her er klart større fordeler enn ulemper ved å tilrå dispensasjon.